

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 10.05.2022
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Asle Kjørlaus**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per april 2022**

Arkivsak

2022/89

Styresak 025/2022

Styremøte 13.05.2022

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per april 2022 til vitende.


Administrerende direktør si vurdering

Resultatet i perioden er negativt med -4,8 millionar kroner, som er 7,3 millionar svakare enn budsjett. Til no i år er resultatet -15,3 millionar kroner, som er 25,3 millionar kroner bak budsjett. Hovudårsakene til dette er lågare inntekter, samt høgare personalkostnader enn budsjettert. Høgt korttidssjukefråvær forklarar ein del av desse avvika, men noko er også overforbruk knytt til ordinær drift. Det er mindreforbruk på pasienttransport, gjestepasientar og medikamentkostnader.

Det er bokført ekstraløyving på samla 14,5 millionar kroner hittil i år av totalt 21,7 millionar. Dette skal dekke ekstrakostnader knytt til pandemien. Estimert forbruk til no i år er 19,7 millionar, som er 5,2 millionar meir enn kva som er inntektsført. Administrerende direktør registrer at dette forklarar noko av meirforbruket i perioden og til no i år, men kostnadsnivået på underliggende drift er uansett for høgt samanlikna med budsjettet. Dette viser også prognosen som er utarbeidd basert faktiske tall per mars. Administrerende direktør vil følgje dette opp med klinikkane og vurdere tiltak. Det er uvisse knytt til eventuell kompensasjon av tapt inntekt i samband med revidert nasjonalbudsjett og konsekvens av det pågåande lønnsoppgjeret.

Aktiviteten er lågare enn budsjettert også i april. Målt i DRG-poeng, utan H-resept, er aktiviteten i somatikken 7,8 prosent lågare enn budsjett for april. Hittil i år er aktiviteten på 94,1 prosent målt mot budsjett, dette utgjør ein mindreproduksjon på 543 DRG-poeng. Innanfor psykisk helsevern for vaksne har det vore låg aktivitet i perioden, men akkumulert er aktiviteten høgare enn i 2020 både på døgn og poliklinikk. For born og unge er aktiviteten om lag som plan i april og akkumulert. Tilbakemeldingar til administrerende direktør viser at vi fortsatt har utfordringar med vakante stillingar, og at dette krev fortsatt sterkt fokus på rekruttering.

Nytilviste i perioden er 4 prosent lågare enn same periode i fjor. Samstundes er det avslutta 5 prosent fleire pasientkontaktar enn same periode i fjor. Akkumulert er det tilvist 1 prosent færre enn fjoråret, medan det akkumulert er avslutta 6 prosent fleire pasientar. Administrerende direktør registrerer at tal avslutta forløp på Helse Førde-nivå no er høgare enn til nytilviste. Dette er positivt i forhold til ventetider, men administrerende direktør erkjenner at det er store skilnader innanfor dei ulike fagområda i føretaket.



Når det gjeld fag har ventetida innan somatikk for pasientar som har starta behandling, hatt ein tydeleg auke denne månaden (85 dagar, måltal 50). Ventetid for ventande er omlag uendra frå førre månad (62 dagar). Bakgrunnen for desse tala er at det er starta fleire behandlingsforløp på pasientar som har hatt lang ventetid. Administrerende direktør si vurdering er at total ventetid innan somatikk sjølvstegt er altfor høg, men at arbeidet med å redusere ventelista er begynt, samtidig som nødvendig prioritering blir gjennomført for å sikre eit forsvarleg totaltilbod. Det er forventning om at reduksjon i fråvær og normalisering i høve pandemien etterkvart vil gi betring i tala.

Innan psykisk helsevern er ventetida for barn og ungdom som har starta behandling, om lag uendra (49 dagar, måltal 35). Situasjonen gjev framleis grunn til uro. Det er også her nødvendig med vidare fokus på målretta tiltak for å sikre at vi er tilgjengelege for barn og ungdom som treng psykisk helsehjelp.

Det vart registrert 197 nye fristbrot i april (måltal 0), svarande til 6,7 prosent av dei med frist i perioden. Flest fristbrot var ved poliklinikkane nevrologisk, ortopedisk og hud. Administrerande direktør vurderer at det blir jobba bra med å halde tal fristbrot nede, men at nokre avdelingar har store utfordringar med å klare dette no pga krevjande rekrutteringssituasjon. Det er uansett nødvendig å halde fokus på å tilby time til alle som blir tilviste, og som er på venteliste.


Helse Førde hadde i mars eit samla sjukefråvær på 9,7 prosent. Dette er høgt, og februar og mars skil seg ut med særskilt høgt sjukefråvær. Det er korttidssjukefråværet som forklarar utviklinga. Administrerande direktør er nøgd med at førebelse tal for april syner ein nedgang i sjukefråvær og nærmar seg eit meir «normalt» nivå.

FAG

Ventetid for ventande ved perodeslutt

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 62 dagar ved utgangen av april (61 i mars). 57 i april i fjor. Altså +5 frå i fjor.
- PHV: 24 dagar ved utgangen av april (24 i mars). 23 i april i fjor. Altså +1 frå i fjor.
- PBU: 37 dagar ved utgangen av april (31 i mars). 33 i april i fjor. Altså +4 frå i fjor.
- TSB (rus): 20 dagar ved utgangen av april (9 i mars). 30 i april i fjor. Altså -10 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i april, var:

- Somatikk: 75 hittil i år (85 dagar i april) – måltal er 50. 67 hittil i fjor. Altså +8 frå i fjor.
- PHV: 37 hittil i år (34 dagar i april) – måltal er 40. 30 hittil i fjor. Altså +7 frå i fjor.
- PBU: 50 hittil i år (49 dagar i april) – måltal er 35. 46 hittil i fjor. Altså +4 frå i fjor.
- TSB (rus): 26 hittil i år (16 dagar i april) – måltal er 30. 26 hittil i fjor. Altså som i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 72 fristbrot på behandla pasientar i april svarande til 6,3 prosent av behandla i april (4,9 prosent i mars). Gjennomsnitt for Helse Vest er 6,6 prosent.
- Førebels registrert 197 nye fristbot i april, svarande til 6,7 prosent av alle med frist i april (4,7 prosent i mars).



AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 587	1 746	-159	1 630	-43	6 683	7 234	-550	6 924	-240
DRG-poeng poliklinikk, A	375	448	-73	441	-66	1 758	1 862	-103	1 793	-34
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	116	140	-25	87	29	1 110	1 053	57	967	144
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	99	42	57	49	50	285	175	110	223	62
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 176	2 376	-200	2 206	-30	9 837	10 323	-486	9 906	-68
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	93	145	-52	110	-17	490	635	-145	495	-5
Sum DRG-poeng egne pasientar (A+C)	2 170	2 478	-309	2 267	-98	10 042	10 783	-741	10 178	-136
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 156	1 350	-194	1 328	-172	5 187	5 514	-327	5 261	-74
Tal sjukehusopphald	1 388	1 503	-115	1 388	-	5 623	6 216	-593	6 058	-435
Tal polikliniske konsultasjonar	9 235	10 205	-970	10 672	-1 437	42 161	42 279	-118	42 622	-461


Perioden

Aktiviteten i perioden er 9,8 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 12 prosent lågare enn tilsvarande periode i fjor. Samla DRG-produksjon i somatikken var 8,4 prosent lågare enn budsjett (-200 poeng) i perioden, og 1,4 prosent lågare enn i tilsvarande periode i fjor (-30 poeng).

Til no i år

Samla er aktiviteten 1,9 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 1,8 prosent under fjoråret. DRG-produksjonen hittil i år er 4,7 prosent lågare enn budsjett (-486 poeng), og 0,7 prosent lågare enn den var akkumulert ved utgangen av april i fjor (-68 poeng).

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 402	1 609	-207	1 574	-172	6 064	6 491	-427	5 842	222
Tal utskrivne pasientar	72	90	-18	78	-6	327	353	-26	315	12
Polikliniske kons. m/refusjon	1 791	2 229	-438	1 810	-19	8 420	10 071	-1 651	7 842	578
Rus										
Tal heildøgnsopphald	585	614	-29	618	-33	2 044	2 424	-380	2 205	-161
Tal utskrivne pasientar	14	17	-3	16	-2	57	81	-24	66	-9
Polikliniske kons. m/refusjon	210	251	-41	195	15	889	1 189	-300	913	-24
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	108	122	-14	93	15	529	487	42	403	126
Tal utskrivne pasientar UPH	9	7	2	9	0	42	30	12	28	14
Polikliniske kons. m/refusjon	1 475	1 499	-24	1 573	-98	6 734	7 181	-447	6 635	99

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore låg i perioden, også lågare enn same periode i fjor. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan TSB har aktiviteten vore høgare enn dei første månadene i året. Akkumulert er tal døgnopphald litt lågare enn førre året medan poliklinisk aktivitet er litt høgare enn i fjor.


Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore lag som plan. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.


Beleggsprosent



Digitale konsultasjonar



10,3 prosent av dei ISF-refunderbare polikliniske konsultasjonane til Helse Førde i april vart utførte gjennom telefon (7,6 prosent) eller video (2,7 prosent). Til saman utgjør det 1241 konsultasjonar. Psykisk helsevern har framleis flest digitale konsultasjonar. Medisinsk klinikk har størst auke siste året. Tal digitale konsultasjonar har vore sterkt påverka av pandemibølgjene dei siste to åra, særleg innan psykisk helsevern. Alle dei tre klinikkane har fleire slike konsultasjonar enn då pandemien starta tidleg i 2020.



ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Prognose	Årsbudsjett
Pasientrelatert inntekt	72 814	76 086	-3 271	311 081	327 738	-16 657		950 953
Basistilskudd	194 654	193 956	698	757 489	755 791	1 697		2 244 086
Andre inntekter	4 886	5 528	-642	19 920	22 293	-2 372		68 190
Sum Driftsinntekter	272 355	275 570	-3 215	1 088 490	1 105 822	-17 332		3 263 229
Varekostnader og Helsetjenester	-39 282	-39 011	-271	-151 487	-164 101	12 614		-492 708
Lønn- og personalkostnader	-192 527	-186 933	-5 594	-759 596	-741 560	-18 036		-2 181 027
Øvrige kostnader	-37 172	-38 926	1 754	-159 548	-157 226	-2 322		-459 994
Av- og Nedskrivning	-7 921	-7 914	-7	-31 918	-31 654	-264		-95 000
Sum Driftskostnad	-276 902	-272 784	-4 118	-1 102 548	-1 094 541	-8 008		-3 228 729
Driftsresultat	-4 547	2 786	-7 333	-14 059	11 281	-25 340		34 500
Sum Finans	-295	-286	-9	-1 235	-1 281	46		-4 500
Totalresultat	-4 842	2 500	-7 342	-15 293	10 000	-25 293		30 000

Perioden

Resultatet i perioden er negativt med 4,8 millionar kroner, noko som er 7,3 millionar svakare enn budsjett. Aktiviteten innan både somatikk og psykisk helsevern er lågare enn budsjettet, og påverkar inntektssida negativt.

Varekostnadene i perioden er høgare enn budsjett, men det er mindreforbruk på medikament. Vidare er det eit positivt avvik på øvrige kostnader, som knyter seg til mindreforbruk på pasienttransport.

Løn- og personalkostnadene er i perioden 5,6 millionar kroner høgare enn budsjett. Kostnader knytt til pandemien og høgt korttidssjukefråvær forklarar mykje av dette, men i enkelte klinikkar er det større avvik også knytt til underliggande drift.

Akkumulert

Resultatet hittil i år er -15,2 millionar kroner, som er 25,3 millionar bak budsjett. Driftsinntektene er 17,3 millionar lågare enn budsjettet, medan driftskostnadene samla er 8,0 millionar kroner høgare enn budsjett. Estimerte kostnader knytt til pandemien er hittil i år 19,7 millionar kroner. Det er inntektsført 14,5 millionar hittil i år av ekstra løyvingar knytt til covid-19.


Det er akkumulert lågare aktivitet enn budsjettet, noko som medfører avvik på inntekter. På kostnadssida er det mindreforbruk på medikament, pasientreiser og gjestepasientkostnader. Det er eit samla meirforbruk knytt til løn- og personalkostnader på 18,0 millionar kroner hittil i år.

Likviditet

Per utgangen av april 2022 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 211 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 448,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i mars på 9,7 prosent. Det er 3,8 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, men 0,7 prosentpoeng lågare enn førre månad. Det er særleg korttidsfråværet som har vore høgt dei siste månadene.